



Statens vegvesen

Omega Areal AS
v/Åslaug Nyhamn
Kvassen
5582 ØLENSVÅG

Y Kvinnherad kommune	
04 JULI 2014	
Saksnr: 14/1252	U.off.:
Saksbeh: IBE	Kopi:

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:
2014/080764-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.07.2014

Vår uttale til oppstart av reguleringsarbeid for Jensabjørke - Rosendal i Kvinnherad kommune

Vi viser til dykkar brev dagsett 25.06.2014.

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsplanen med bakgrunn i rollene som

- vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- statleg fagorgan med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljøulemper knytt til veg- og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Føremålet med reguleringsarbeidet er å leggja til rette for konsentrert utbygging med 7-11 tomter eller 10-20 bustadeiningar.

Tilkomst til planområdet vil skje frå fv 50.

Planområdet

I oppstartsmeldinga står det at planområdet omfattar gnr. 82 bnr. 231. I arealdelen til kommuneplanen er deler av eigedomen gnr. 82 bnr. 231 sett av til LNF-område med spreidde bustader, medan resten av eigedomen er LNF-område.

Det viste LNF-område med spreidde bustader med inntil 4 bustadeiningar i kommuneplanen omfattar også andre eigedomar.

Byggjegrense

Jamfør veglova § 29 er byggjegrensa mot riks- og fylkesveg er 50 meter dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningslova. I «Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegranser», vedteken i 2013, er fv. 50 ført opp med 15 meter byggjegrense. Dersom byggjegrensa i ein reguleringsplan skal vere ei anna, må det kome fram av planen. Byggjegrensa må visast i plankartet med tal og symbol. Den kan også omtalast i føresegnene.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

I denne planen kan Statens vegvesen akseptere ei byggegrense på 15 meter frå vegmidte av fylkesvegen.

Anna veggrunn


Langs riks- og fylkesveg skal eit belte i 3 meters breidde, på begge sider av veggen, regulerast til *anna veggrunn*. Statens vegvesen treng dette arealet til drift og vedlikehald av veggen. Skråningsutslag og støttemurar skal regulerast til *anna veggrunn*.

Rekkefølgekrav

Føresegnene må setje krav om at fylkesvegen med kryss/avkøyrsløype skal vere bygd i samsvar med reguleringsplanen og godkjent av Statens vegvesen før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bygging av bustader i planområdet.

Når reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn og det ligg føre eit konkret planframlegg, vil vi vurdere om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i planen.

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing



Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

for



Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN